

Studiekvalitetsmelding frå SVT 2024/2025

Oppfølging av føregåande års studiekvalitetsmelding

Senter for vitskapsteori har følgd opp punkta til forbetring frå evalueringsrapporten for 2023 der ekstern fagfelle Erling Holden (NMBU), fokuserte på praksisemne SDG349 og gjennomføringa av praksisopphald. Ei av dei konkrete tilbakemeldingane vi fekk i 2023, var å gjere grundigare forventningsavklaringar mellom student, praksisvert og rolla til rettleiar. Vi har no implementert eit møte mellom grunneininga, student og praksisvert to månadar før praksisopphaldet startar, og vi skal også halde eit møte med dei ein måned inn i praksisopphaldet. Dette har blitt godt motteke av studentane som skal i praksis hausten 2025.

Ei anna tilbakemelding frå evalueringsrapporten for 2023, var at studentane etterspurde meir opplæring i metode. *SDG314 Metodar og prosjektutvikling i tverrfagleg berekraftsforskning* vart implementert våren 2024 som eit valemne i programmet for å møte behovet for grundigare opplæring i metode og prosjektutvikling. Unntatt to kandidatar på utveksling, har alle som starta i programmet 2024, teke SDG314 våren 2025.

Sensorretteiinga for masteroppgåver vart tatt i bruk for fyrste gong i 2023, og våren 2024 vart den justert for å betre fungere på tvers av fakultetsgrensene. I mai 2025 arrangerte vi et kalibreringsmøte der vi inviterte interne sensorar i programmet i berekraft for å sikre ei felles forståing av vurderingsprosessen. Sensorretteiinga vil no bli justert ytterlegare basert på diskusjonane derfrå.

Gjennomførte emne- og programevalueringar og relevante forhold i desse

Som vanleg vart det gjennomført eigenevalueringar av alle SVT sine emne i 2024 og våren 2025.

Dei obligatoriske emna i masterprogrammet i berekraft, SDG310, SDG311 og SDG312 vart evaluert av ekstern fagfelle i 2025. Han såg særleg på koplinga mellom desse emna, og korleis det tverrfaglege vert ivareteke i og mellom emna. Ei av dei konkrete tilbakemeldingane frå årets rapport som vi og fekk i 2023, var at nokre studentar ynskjer meir kunnskap om konkrete berekraftsverktøy. Ekstern fagfelle peikar på balansen mellom det filosofiske/teoretiske og det praktiske/case-orienterte, og at fleire studentar vil ha meir av det sistnemnte. Det akademiske, det problematiserande, og det utfordrande er kjernen i studieprogrammet, men dette kan med fordel gjerast tydelegare for studentane.

Ekstern fagfelle startar evalueringsrapporten for 2024/2025 med å skrive at hans hovudintrykk er at studentane er gjennomgåande langt meir nøgd med både emna og program enn i den førre evalueringa frå 2023. Resultata frå Studiebarometeret bekreftar dette inntrykket. Masterprogrammet får svært gode tal for undervisning, tilbakemeldingar, vurderingsformar, læringsmiljø og eige engasjement (>4,5). Overordna tilfredsheit med studieprogrammet er høg (4,3).

Tema frå dialogmøte med fakultetsleiinga

Dialogmøte med fakultetsleiinga vart gjennomført 4. april 2025. Eit sentralt tema for undervisningsdelen av møtet var SVT sitt bidrag inn i Charm-EU-alliansen. I samband med at UiB har slutta seg til Charm-EU-alliansen er vi no i gong med å finne moglege tilknytingspunkt mellom Berekraftsmasteren ved UiB og alliansens Master i berekraft. SVT deltek i dette arbeidet gjennom to KCTar (Knowledge Creating Teams) og er i tillegg UiBs representant i alliansens Academic Council. SVT har vore med på å utvikle to av emna i Charm-EU-alliansen sitt masterprogram i berekraft: *Energi og berekraftige byar* og eit praksisemne. *Energi og berekraftige byar* startar opp våren 2026, medan praksisemne startar opp hausten same år. Vi ynskjer å utvikle synergjar mellom alliansens masterprogram og UiBs sitt eige masterprogram i berekraft i størst mogleg grad, og ynskjer ei klargjering av dei tilgjengelege administrative ressursane for emna som SVT bidrar inn i.

Studieprogrammets arbeid med gjennomføring, yrkesrelevans og kopling mellom forskning og undervisning

Gjennomføring: Gjennomføringa i masterprogrammet i berekraft er jamt over høg. Av studentane som byrja i 2021, fullførte 76,5% til normert tid. I kullet som starta i 2022 var talet 46,2%. Våren 2025 har 85% av kandidatane som byrja i 2023 fullført graden på normert tid.

Yrkesrelevans: Kontakt med arbeidslivet er prioritert i Master i berekraft. Studentane har høve til å velje praksisemne og å skrive masteroppgåve basert på erfaringar frå praksisopphaldet. Trass tilbodet om praksisbasert masterprosjekt, viser tal frå Studiebarometeret at studentane i masterprogrammet i berekraft erfarer tilknytninga til yrkeslivet som låg (2,7). Det er som forventa, men ekstern fagfelle ser denne opplevinga dels i samanband med at fleire studentar ynskjer meir kunnskap om konkrete berekraftsverktøy som yrkeslivet etterspør.

Vi vurderer å integrere kunnskap om dei mest brukte verktøya og standardane innanfor berekraftsfeltet som til dømes livssyklusanalyse, ISO 14000, ESG, EUs taksonomi osb. i undervisninga. Dette er kunnskap som arbeidsgjevarar etterspør og som vil gjere våre kandidatar meir attraktive på arbeidsmarkanden, men det er viktig for oss å halde på kjernen i programmet som er akademisk og filosofisk problematiserande.

Mellombels har vi våren 2025 byrja ei kartlegging av kva alumnane våre gjer etter fullført grad. Hausten 2025 skal administrativ koordinator intervju alumnar slik at vi får samla alumnportrett som skal ut på nettsida vår. Vi vonar at det vil gjere det enklare for studentane å sjå kva moglegheiter som finst.

Koplinga mellom forskning og undervisning: Undervisinga i masterprogrammet i berekraft er forskingsbasert, og studentane møter aktuell forskning gjennom heile studieløpet. Studentane i berekraftsprogrammet vel mellom praksisbasert eller forskingsbasert masteroppgåve, og dei fleste vel sistnemnte. Sjølv om dei står relativt fritt i å utvikle masterprosjektet sitt, vert dei oppmoda til å kople seg saman med pågåande forskingsprosjekt ved einingane som bidreg inn i programmet. Om lag halvparten av studentane som vel et forskingsbasert masterprosjekt, er tilknytt forskingsprosjekt ved UiB.

Danningsemna er emne på bachelornivå som er særskilt tett knytt opp til forskning. I 2024 og 2025 var emne VIT210 Menneske – natur og kultur, undervist både vår og haust. Undervisinga er lagt opp slik at forskarar som arbeider med problemstillingar som er aktuelle for emne inviterast inn i undervisinga. Vi ynskjer fleire studentar til danningsemna, men opplever at dei tradisjonelle kanalane for å nå studentane ikkje fungerer så godt som dei gjorde før. Vi ber alle infosenter sende ut kunngjeringar til studentar på sine fakultet, men dette kjem kun som ein e-post til studentane, og vi trur det er for lite synleg. Vi skulle gjerne sett at UiB kunne fronta danningsemna på lik linje som til dømes DIGI-emna – kanskje gjennom felles global kunngjering på MittUiB for alle studentar.

Einingas arbeid med kompetanseutvikling knytt til KI

SVT har sterke fagfolk som jobbar med KI. Når det gjeld undervisinga, ser vi behov for å arbeide aktivt med å skape rom for konsentrasjon og lesing for studentar i ei tid kor algoritmane ofte bryter opp desse. Frå hausten 2025 skal vi difor halde vekentlege ‘shut up and read’ seansar med masterstudentane, ein seanse som følgjer fire enkle reglar: (1) les ein sjølvvald fagtekst på papir, (2) ikkje ha musikk på øyra (3) sett mobiltelefon og PC/iPad på lydlaus og (4) tar du pause eller ynskjer å snakke, så gå ut av rommet.

Vi trur at slike djuplesingsseansar kan fungere som eit utgangspunkt for å oppnå fokuset som krevst for å utvikle resonans, kritisk tenking og forståing. Dette er ferdigheiter som gjer studentane betre skodd til å vite korleis KI verktøy kan brukast, og korleis dei ikkje skal brukast. Målet er at studentane skal sjå verdien i å lese og skrive på eige hand.

Bruk av generativ KI har skapt utfordringar for vurderinga av heimeeksamen med tanke på akademisk redelegheit. Sjølv om vi ynskjer å gje studentane så mykje skrivetrening som mogleg, har programstyret i berekraft vedtatt (april 2025) å endre vurderingsforma frå heimeeksamen til skuleeksamen/munnleg presentasjon i emna som vi administrerer.

SVT arrangerte i April 2025 ein to-dagars workshop om KI ("The meaning of AI") med inviterte og eigne forelesarar, med deltaking frå ulike fagmiljø ved UiB. Seminaret vart arrangert som ledd i arbeidet med å forstå bruken av KI av studentar, så vel som forskarar og undervisarar. Seminaret tok også opp den breiare samfunnsmessige og politiske konteksten for generativ KI.

Andre ting SVT ynskjer å nemne

Søkjartala til masterprogrammet har halde seg høge med høg andel førsteprioritetssøkjjarar i høve til studieplassar. Om ein ser på gjennomføringstala er dei også i det øvre sjiktet på UiB (gjennomsnittet over 3 år er ca. 70%, medan talet for 2025 er 85%). Forklaringa på dei høge gjennomføringstala er samansett, men høgt motiverte og godt kvalifiserte studentar, saman med mykje lærarkontakt (intensiv undervisning) er to forhold som karakteriserer programmet.

Dei høge søkjartala saman med høg gjennomføring gir potensiale for å utvide opptaket til programmet gitt at ressursar blir tilført.